

Regionalt Utviklingssenter
Regionkontoret Nord-Gudbrandsdal
www.run.no

Saksbehandler: Arnfrid Austin
Telefon: 61 21 54 82
E-post: arnfrid@regionkontoret.no

Vår dato: 14.06.2004


Landbruksdepartementet
Stortingsrepresentantene fra Oppland

Landbruksdepartementet		
Saksnr:	2003	103127 - 30
Mottatt:	16 JUN 2004	
Saks nr:	ASR/JUR/EDA	440
Kopi:		

Høringsuttalelse Odelsloven

Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal vedtok i møte 11.06.04 uttalelse til NOU 2003:26 – Om odels- og åsetesretten. Uttalelsen oversendes vedlagt.

Med hilsen
Regionalt Utviklingssenter


Arnfrid Austin

HØYRINGSUTTALE VEDRØRENDE NOU 2003:26, OM ODELS- OG ÅSETESRETTE, FRÅ ARBEIDSUTVALGET FOR REGIONRÅDET I NORD-GUDBRANDSDAL

Odelslovutvalet vart oppnemnt 21.09.01 for å evaluere verknader av og fremje forslag til endringar i odelsloven. Mandat: "Utvalet skal etter Innst. S nr. 167 (1999-2000) og St.meld.nr 19 (1999-2000) særleg vurdere:

- om kretsen av odelsberettigede bør innskrenkes.
- Om løsningsfristen bør bli kortere.
- Virkningene av odelslovens regler for kvinners situasjon i landbruket."

Videre ber departementet om at utvalet vurderer:

- "om odelsloven medfører en konservering eller lukking av landbruksnæringen
- hvordan odelsloven virker på lokalt eierskap
- hvordan odelsloven påvirker bosettingen
- om det er mulig å utforme en formålsbestemmelse i odelsloven, særleg med bakgrunn i ønsket om å tydeliggjøre kriteriene for vurdering av søknader om odelsfrigjøring og om fritak fra bo- og driveplikt, jf §§ 27-33,
- hvilke eiendommer som ut fra sitt ressursgrunnlag skal være odlingsjord, jf odelsloven §§ 1 og 2 (størrelse og rasjonalitet i lys av moderne landbruksdrift), og
- lov- og regeltekniske avklaringer og forenklinger i de offentligrettslige reglene, herunder med sikte på å oppnå kortere saksbehandlingstid ved offentlig myndighetsutøvelse"

I brev frå statsråd Lars Sponheim 02.04.03 fekk utvalet som tilleggsmandat også å vurdere om odelsloven skulle bestå.

Utvalet la fram sitt forslag 23.10.2003 i NOU 2003:26. Om odels- og åsetesretten. Denne er lagt ut til høyring.

Følgjande punkt inngår i høyringsuttala:

1. Skal odelsloven bestå?

Fleirtalet i odelslovutvalet går inn for å oppretthalde odelsloven.

Odelsloven er ein privatrettsleg særrett for den slekt som gjennom ei viss tid har hatt tilknytning til ein bestemt landbrukseigedom, og slik at det mellom dei i slekta som har odelsrett, er ein rangordning.

Særretten innebærer

- fortrinnsrett til å overta odelseigedomen ved arveskifte
- løysingsrett når eigedomen ved frivillig disposisjon eller tvangssalg kjem ut av slekta
- løysingsrett for den betre prioriterte overfor den dårlegare prioriterte ervervar av eigedomen
- har grunnlovsmessig vern (§ 107),

Odelslovutvalet meiner at odelsloven gjev enkelte uønska verknader, men har likevel meir samfunnsmessige gunstige effekter enn negative, og at dei negative verknadene vil bli redusert ved dei endringane som er foreslått.

Rettsleg karakteristikk:

- eit fast regelverk avgjer kven som kan krevje eigedomen, når eigaren døyr eller eigedomen på anna vis skiftar eigar. Det vil seia at ein veit på førehand rekkefølga.
- Dette gjev den som har best odelsrett, moglegheit til å førebu seg til overtakinga gjennom erfaring og utdanning, og forhindrar forsøk på å "innynde" seg hos eigaren.
- Eigedomen vert framleis udelt.
- Markerer likestilling mellom kjønna i forhold til eigarskap og drift av landbrukseigedom
- Forholda ovanfor innebærer at eigaren har større sikkerheit for at hans innsats og disposisjonar blir av betydning for neste generasjon.

Odelsretten kjem til bruk ved dei fleste typer eigedomsovergangar, slik som fritt sal, tvangssal, bytte, gåve og arv.

Åsetesretten innebærer at når eigaren av ein landbrukseigedom døyr og etterlater seg livsarvingar vil åsetesretten føre til at det eldste barnet kan krevje å overta eigedomen udelt. Ønsker ikkje eldste barn å overta, går retten vidare. Testament endrar ikkje på dette. Den åsetesberettiga kan i alminneligheit krevje å få eigedomen overtatt til ein pris "som er rimeleg etter dei tilhøve som ligg føre".

I dei fleste høve skjer overtakinga når eigaren er i live, og da kjem ikkje åsetesretten til bruk.

Odelsretten i forhold til samfunnet:

Argumenter til fordel for odelsretten:

- Betre landbruk? På bruk som vert drive av odelsberettiga er det oftare positiv næringsinntekt og høgare næringsinntekt. Odelsberettiga har også oftare landbruksutdanning og lengre landbruksutdanning.
- Gardbrukaren er sjølveigar. Odelsretten har bidratt til at landbruksareala vert eigd av enkeltpersonar. Desse areala vert i betydeleg grad drive av eigarane.
- Riktig eigedomsstruktur? Odelsretten verkar ikkje til å redusere gapet mellom eigar- og driftseiningar, men er heller ikkje ein hemsko for dette. Odelsloven er til hinder for storgodsoppsamling.
- Oppretthalding av distriktsbusetting, med lokalt eigarskap til landbrukseigedomar
- Likestilling mellom kjønna

Dei samfunnsmessige interesser som odelsloven ivaretek, kan på nokre område fremjast på andre måtar gjennom andre styringsverktøy, så som jordloven og skogbruksloven, men berre i avgrensa grad konsesjonsloven slik den vert praktisert i dag. Utviklinga av konsesjonsloven går mot mindre inngrep i eigedomssomsetninga.

Negative sider ved odelsretten:

- Odelsretten avgrensar eigaren sin rådvelde og skapar usikkerheit for ervervarar.
- Odelsretten er ekskluderande
- Odelsretten er konfliktskapande

Totalt sett vurderer vi dei positive sidene ved odelsloven klart større enn dei negative sidene, og **odelsloven bør bestå, men med ein del endringar som reduserer dei negative sidene.**

2. Grensa for kva eigedomar som er odlingsjord

Forslaget frå fleirtalet (mindretalet i parentes) i odelslovutvalet: "Ein eigedom blir rekna som odlingsjord når anten jordbruksarealet er minst 50 dekar (30 dekar), eller det produktive skogarealet er minst 1000 dekar (500 dekar).

Ein eigedom med minst 40 dekar (20 dekar)jordbruksareal blir likevel rekna som odlingsjord når anna areal er minst 500 dekar (100 dekar).

Med til arealgrunnlaget vert rekna eigedomen sin andel i realsameige.

Teigar med mindre areal enn 1 dekar jordbruksareal eller 10 dekar produktivt skogareal, vert ikkje rekna med etter denne lova."

Grensa er i dag er 20 dekar jordbruksareal, 100 dekar produktiv skog.

Tal landbrukseigedomar med odelsjord/odlingsjord vil bli redusert frå 130-140.000 til om lag 80-90.000 ved fleirtalet sitt forslag, og til 115-125.000 ved mindretalet sitt forslag.

Sjølv om det er viktig å bringe odelsloven meir i samsvar med moderne landbruk, er det kanskje eit langt skritt å gå til fleirtalet sitt forslag. Mindretalet sitt forslag er eit meir moderat forslag, og gjer at ikkje så mange eigedomar fell utanfor odelsloven, som er eit viktig landbruks- og samfunnsmessig instrument. Det er også store skilnader i bruksstruktur i ulike deler av landet.

Arbeidutvalget for Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen støtter forslaget frå mindretalet i Odelslovutvalget, men meiner prinsipielt at grensa for odlingsjord bør vera den same som grensa i konsesjonsloven.

3. Forkorting av den alminnelege løysingsfrist til seks månader

Denne løysingsfristen var frå 1974 til 1996 to år, og er no eit år. Vi ser positivt på at fristen vert korta ned til 6 månader, slik at det så raskt som mogleg kan avklarast om nokon vil bruke odelsretten. Dette er viktig for kjøpar og seljar.

4. Adgang til å krevja at dei odelsberettiga innan to månader tek standpunkt til om dei ønskjer å overta eigedomen, og i motsatt fall adgang for eigaren til å avhende eigedomen utan at den seinare kan løysast av dei odelsberettiga.

Denne fristen er i dag 6 månader. I og med at den alminnelege løysingsfristen vert forkorta er det foreslått at også denne fristen også vert kortare. Men ein slik stutt frist kan skape praktiske problem, og to månader kan vera litt stutt tid. Det vert foreslått at denne fristen vert like lang som den alminnelege løysingsfristen.

5. Innføring av full likestilling mellom kjønna, uavhengig av fødseldato, samt som hovedregel mellom adoptivbarn og barn født innanfor og utanfor ekteskap.

Denne endringa vert støtta, og den innebærer at det ikkje lenger vil vera skilnad om barna er født før eller etter 1.1.1965. Desse "ungane" er no snart 40 år, og i dei fleste tilfelle vil eigedomsoverdraginga vera avklara. Sjølv om det i nokon tilfelle kan gje uheldige verknader, er prinsippet om full likestilling viktig.

6. Åpning for at samboende skal kunne samodle og at også samboende skal vera verna ved den odelsberettiga sin død.

Dette forslaget vert støtta. Dette innebærer at ekteskap og "ekteskapsliknande sambuarforhold" blir meir likestilt.

7. Utviding av adgangen til å nekte odelsløysing der dette vil verke klart urimeleg, herunder i situasjoner hvor samiske rettstradisjoner gjør seg gjeldande.

Denne regelen (§21) er foreslått utvida slik at det også kan nektast odelsløysing mot nokon som ikkje er odelsberettiga. Denne endringa blir støtta. I § 21 er det brukt omgrepet "klårt urimelig". Det har vist seg at rettspraksis etter § 21 har vore svært restriktiv, men odelslovutvalet har ikkje foreslått å endre dette omgrepet. For at rettspraksis skal kunne endrast vert det foreslått at omgrepet "klårt urimelig" vert endra til "urimelig".

8. Odelskretsen.

Fleirtalet i odelslovutvalget går inn for at odelskretsen ikkje vert endra, medan mindretalet vil avgrense kretsen; kravet blir at foreldra eig eller har hatt heile eigedomen med odelsrett.

Ei så sterk avgrensing som mindretalet vil ha, er ikkje ønskelig. Anten bør kretsen bestå som i dag, eller at mindretalet sitt forslag blir utvida til å gjelde eigaren sine barnebarn.

Ei innskrenking av odelskretsen med utgangspunkt i eigaren i staden for odlaren, vil ha den konsekvens at odelsberettiga mister sin odelsrett når det skjer eit eigarskifte. Dette vil bryte med prinsippet om at den som er født med odelsrett ikkje skal kunne miste sin odelsrett utan å ha hatt moglegheit til å gjera den gjeldande.

Odelskretsen bør bestå som i dag.